

Delegering til rådmannen

Vedteke i Fitjar kommunestyre 09. desember 2020.

Innhald

1 Innleiing.....	3
1.1 Heimel.....	3
1.2 Revisjon av reglementet.....	3
1.3 Etikk.....	3
2 Bruk av reglementet.....	3
2.1 Rammer for utøving av delegert avgjerdsrett.....	3
2.2 Tilbakekalling av fullmakt.....	3
2.3 Handsaming av klager.....	3
2.4 Prinsipielle saker.....	3
2.5 Gildskap.....	3
2.6 Rapportering.....	4
2.7 Heimel til vidaredelegering.....	4
3 Økonomi.....	4
3.1 Kjøp av varer og tenester.....	4
3.2 Investeringar.....	4
4 Underskrift av dokument.....	4
5 Personalansvar.....	4
6 Informasjon.....	5
7 Beredskap, internkontroll og informasjonstryggleik.....	5
8 Avgjerdsrett som ikkje er heimla i lov.....	5
8.1 Kommunale bustadar.....	5
8.2 Utleige av kommunale areal.....	5
8.3 Idrettsanlegg og kommunale bygg.....	5
8.4 Opptak av born i kulturskule.....	5
8.5 Tildeling av lån og tilskot fastsett av statlege organ.....	5
9 Delegering etter særlovar.....	5
9.1 Alkohollova.....	5
9.2 Barnehagelova.....	6

9.3 Barnevernlova.....	6
9.4 Brann- og eksplosjonsvernlova	7
9.5 Eigarseksjonslova	7
9.5 B Ekteskapsloven.....	7
9.6 Film- og videogramlova.....	7
9.7 Folkehelseslova.....	7
9.8 Forpaktingslova	8
9.9 Forurensingslova.....	8
9.10 Friluftsløva	8
9.11 Granneløva.....	9
9.12 Gravferdslova.....	9
9.13 Hamne- og farvasslova.....	9
9.14 Helse- og omsorgstenesteløva.....	9
9.15 Introduksjonslova	10
9.16 Jordlova.....	10
9.17 Konesjonslova.....	10
9.18 Lakse- og innlandsfisklova.....	10
9.19 Matrikkellova.....	10
9.20 Motorferdsellova	11
9.21 Naturmangfaldlova	11
9.22 Opplæringslova	11
9.25 Plan- og bygningslova	12
9.26 Serveringslova.....	13
9.27 Skogbrukslova	13
9.28 Smittevernlova	14
9.29 Sosialtenesteløva	14
9.30 Tobakksskadeløva.....	14
9.31 Lov om trdomssamfunn og ymist anna/lov om tilskott til livssynssamfunn.....	14
9.32 Veglova.....	15
9.33 Vegtrafikklova.....	15
10 Andre lover	15

1 Innleiing

1.1 Heimel

«Et folkevalgt organ kan gi kommunedirektøren myndighet til å treffe vedtak i saker som ikke har prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget selv har bestemt noe annet.» Kommuneleva § 13 6.

Rådmannen får sine fullmakter i dette reglement. Kommunestyret og folkevalde utval kan i tillegg delegera avgjerdsrett i einskildsaker til rådmannen. Rådmannen kan delegere sine fullmakter vidare med unntak i lov og forskrift eller særskilt unntak i dette reglement.

1.2 Revisjon av reglementet

Dette reglementet vil bli revidert etter kommunestyret sitt vedtak.

Kommunestyret (...) fastsetter selv et reglement for hvordan vedtaksmyndighet og innstillingsrett skal delegeres. Dette skal gjøres innen 31. desember året etter at kommunestyret (...) ble konstituert. Det sist fastsatte reglementet og eventuelle andre vedtak om delegering og innstillingsrett gjelder inntil et nytt reglement er fastsatt. Kommuneleva § 5-14.

Oppdatert versjon skal til ein kvar tid vera tilgjengeleg i kommunen sitt kvalitetssystem. For alle tilhøve som er omhandla, erstattar dette reglementet tidlegare vedtak om delegering. For lover som ikkje blir regulert i dette reglement, gjeld einskilddelegeringar.

1.3 Etikk

Fitjar kommune legg sterk vekt på etisk refleksjon og åtferd. «Ethiske retningslinjer for folkevalde og tilsette» ligg til grunn.

2 Bruk av reglementet

2.1 Rammer for utøving av delegert avgjerdsrett

All delegert avgjerdsrett skal utøvast i samsvar med lovar og forskrifter, innan dei plan- og budsjettammer, reglement og rutinar som er vedteke av overordna organ.

2.2 Tilbakekalling av fullmakt

Delegering av fullmakter inneber ikkje endeleg fråseiing av avgjerdsrett. Den delegerte fullmakta kan kor tid som helst trekkjast tilbake av kommunestyret. Dette gjeld òg for einskildsaker.

2.3 Handsaming av klager

Det organet som har gjort vedtak skal handsama klagesaker som fyrste instans. Klagebehandlninga skal skje skriftleg med grunngjeving og vedtak. Ved omgjering av vedtak til klagar sin gunst blir saka avslutta administrativt. Forvaltningslova eller særlover avgjer korleis saka skal handsamast dersom vedtaket blir oppretthalde.

Rådmannen skal førebu saka for vedtak i riktig folkevald organ.

2.4 Prinsipielle saker

Saker som har særskilt overordna eller prinsipiell verknad, skal sendast til folkevald handsaming.

2.5 Gildskap

I saker der rådmannen er ugild, skal folkevalde organ gjera vedtak. Administrasjonen skal greia ut saka forsvarleg. I saker der omsynet til kommunens omdøme gjer det naudsynt, eller i saker som gjeld vurdering eller gransking av administrasjonens framferd, kan kommunestyret gjera vedtak om å peika ut setterrådmann.

2.6 Rapportering

Det er ein føresetnad for all delegering av avgjerdsrett at det blir gjeve tilstrekkeleg rapportering til kommunestyret og andre folkevalde utval.

Rådmannen har ansvar for å lukke avvik frå lov, forskrift, kommunale reglement eller fagleg forsvarleg drift.

2.7 Heimel til vidaredelegering

I den grad det er naudsynt for effektiv og rasjonell drift, har rådmannen høve til vidaredelegering av sin avgjerdsrett, unntatt når lov og anna regelverk er til hinder for dette eller der dette reglement set særskilt skranke for vidaredelegering.

3 Økonomi

Rådmannen får fullmakt til å detaljere driftsbudsjettet innan dei rammer og med dei føresetnader som er vedteke av kommunestyret.

Rådmannen har fullmakt til å gjera endringar i driftsbudsjettet i løpet av året innan dei rammer som er vedteke av kommunestyret, inntil ei ramme på ein mill. kroner.

Rådmannen gjev rett til å tilvisa og attestera i den kommunale organisasjonen.

Rådmannen har fullmakt til å omdisponere innanfor vedteke totalbudsjett, også mellom etatar. Dette gjeld både drifts- og investeringsbudsjett.

3.1 Kjøp av varer og tenester

Rådmannen har mynde til å kåra vinnar av anbodskonkurransar og å inngå rammeavtalar.

Rådmannen har mynde til å foreta innkjøp av varer og tenester i samsvar med regelverk, gjeldande budsjetttrammer og med inngåtte rammeavtalar.

Rådmannen har mynde til å inngå leigekontraktar for bustadar og areal til kommunal drift, med unnatak for leigekontrakt for areal til kommunal drift som det ikkje er dekning for i vedteke budsjett eller med varigheit utover økonomiplanperioden.

3.2 Investeringar

Rådmannen har fullmakt til å gjera endringar i investeringsbudsjettet i løpet av året innan dei rammer som er vedtekne av kommunestyret, inntil ei ramme på ein mill. kroner.

Rådmannen skal syta for startvedtak og rapportering frå investeringsprosjekt. Rådmannen skal i budsjett og ordinære budsjettrevisjonar rapportera om status i pågåande investeringar.

Rådmannen skal snarast rapportera til folkevald nivå avvik frå investeringsvedtaket større enn fem prosent, med ei nedre beløpsgrense på kr 100 000.

4 Underskrift av dokument

Rådmannen har fullmakt til å signera avtaledokument og kontraktar på kommunens vegner. Dokumenter skal signerast etter fullmakter i dette reglementet eller etter turvande vedtak i folkevalde organ.

5 Personalansvar

Rådmannen sitt personalansvar vart utvida og tydeleggjort med ny kommunelov (§ 13-1):

Kommunedirektøren har det løpende personalansvaret for den enkelte, inkludert ansettelse, oppsigelse, suspensjon, avskjed og andre tjenstlige reaksjoner, hvis ikke noe annet er fastsatt i lov.

Dette inkluderer srådmannen si plikt til å syta for tilfredsstillande HMT-arbeid i kommunen, å inngå avtalar med bindande verknad med arbeidstakarorganisasjonane, og å avgjere tolking av personalreglement og arbeidsreglement på arbeidsgjevar sine vegner.

6 Informasjon

Rådmannen har eit overordna informasjonsansvar. Dette gjeld både intern og ekstern informasjon. Offentleglova og kommunens informasjonsstrategi skal etterlevast.

7 Beredskap, internkontroll og informasjonstryggleik

Rådmannen har ansvar for beredskap, internkontroll og informasjonstryggleik. Ansvar for internkontrollen er stadfesta i kommuneloven § 25-1.

Rådmannen kan ta avgjerd om å nytta dei ressursane rådmannen meiner er naudsynt i ein krisesituasjon. Avgjerder etter denne fullmakta skal rapporterast til formannskapet ved fyrste høve.

8 Avgjerdsrett som ikkje er heimla i lov

8.1 Kommunale bustadar

Rådmannen har avgjerdsrett for vedtak om tildeling av omsorgsbustadar og kommunale utleigebustadar.

8.2 Utleige av kommunale areal

Rådmannen vedtek utleige/utlån av kommunale areal og eigedomar, inkludert hamneareal og areal i Håkonar næringspark.

8.3 Idrettsanlegg og kommunale bygg

Rådmannen tildeler treningstider og krev inn leige i tråd med vedtekne satsar. Rådmannen fastset utleigetider for driftsbygg, inkludert vilkårleg utleie, og krev inn leige.

8.4 Opptak av born i kulturskule

Rådmannen vedtek tildeling av plassar i Fitjar kulturskule.

8.5 Tildeling av lån og tilskot fastsett av statlege organ

Rådmannen gjer vedtak om etablerings- og utbetingslån/tilskot etter reglar fastsett av Husbanken.

9 Delegering etter særlovar

Delegeringa gjeld avgjerdsrett i saker etter særlov når myndet ikkje er lagt til anna organ med heimel i lov, delegasjonsreglementet eller vedtak.

9.1 Alkohollova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til:

1. Tildeling av ambulerande løyve til slutta lag (einskildhøve) (§§ 4-2 og 4-5).
2. Tildeling av skjenkeløyve for ein kortare periode eller ein bestemt del av året (§ 1-6 2.)
3. Tildeling av løyve ved einskilde høve (§ 1-6 2.).

4. Utviding av skjenkebevilling til ved enkelthøve å gjelda utanfor skjenkelokalet (§ 4-2 4.).
5. Å fatta vedtak om innskrenking eller utviding av skjenketidsrom for ein kortare periode (§ 4-4 3.).
6. Godkjenning av personar ved skifte av styrrar/reservestyrrar (§ 1-7 c).
7. Mellombels inndraging av løyve inntil politiske organ har fått høve til å handsama saka i samband med alvorleg brot på lov/regelverk (§ 1-8).

9.2 Barnehagelova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til:

1. Å gjera vedtak om tilskot til drift av alle godkjente ikkje-kommunale barnehagar i kommunen (§§ 9 og 14).
2. Å gjera vedtak om godkjenning av nye barnehagar (§ 10) etter ei vurdering av "barnehagens egnetheit i forhold til formål og innhald, jf. §§ 1, 1a og 2". Delegasjonen gjeld både ordinære barnehagar og familiebarnehagar (jf. FOR-2005-12-16-1555.)
3. Gjera vedtak om opptak av barn i barnehage (§ 12 fyrste ledd andre punkt).
4. Gjera vedtak om suppleringsopptak av barn i barnehage (§ 12 fyrste ledd andre punkt).
5. Gjera vedtak om moderasjonsordningar (§ 15, §3, 1. og 3.ledd).
6. Opptre som tilsynsmynde (§ 16). Rådmannen kan gje pålegg om retting av uforsvarlege eller ulovlege forhold ved godkjente eller godkjeningspliktige verksemdar. Dersom fristen for å etterkomme pålegget ikkje vert overhalde, eller dersom forholdet ikkje lar seg retta, kan rådmannen vedta tidsavgrensa eller varig stenging av verksemda. Rådmannen sitt stengingsvedtak skal sendast fylkesmannen til orientering. Vedtak om retting og stenging kan påklagast til fylkesmannen.
7. Å fatta vedtak om å halde attende tilskot til ikkje-kommunale barnehagar eller redusera tilskot i kommande terminar dersom krav etter § 14 a) eller forskrift i medhald av § 14 a ikkje er oppfylt. (§16 a) 1.ledd)
8. Å fatta vedtak om tilbakebetaling av tilskot dersom tilskot er nytta i strid med § 14 a eller forskrift i medhald av § 14 a ikkje er oppfylt.(§ 16 a) 2.ledd)
9. Å gjera vedtak om spesialpedagogisk hjelp (§ 19 a, jf. e).
10. Å gjera vedtak om rett til skyss for barn med rett til spesialpedagogisk hjelp (§ 19 f). (Retten gjeld tilsvarande for barn under opplæringspliktig alder som har rett til teiknspråkopplæring.)
11. Å gjera vedtak om tilbod til barn med nedsett funksjonsevne (§ 19 g).
12. Å gjere vedtak om rett til teiknspråkopplæring (§ 19 h).
13. Å ta vedtak om innvilga dispensasjon frå utdanningskravet for styrrar og pedagogisk leiar for inntil eitt år om gangen, dersom barnehageeigar søkjer om det, stillinga det vert søkt dispensasjon for har vore offentleg utlyst og det ikkje har meldt seg kvalifisert søkjar.(§17, 3.ledd jf. Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar, jf. § 3, 1 ledd)
14. Å ta avgjerd om dispensasjon frå kravet om norskferdigheiter for personar med utanlandske yrkeskvalifikasjonar som styrrar eller pedagogisk leiar, dersom barnehageeigar søkjer om det, stillinga det vert søkt om dispensasjon for har vore offentleg utlyst og det ikkje har meldt seg kvalifisert søkjar.(§17, 3 ledd, jf. Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar, jf. § 3, 2 ledd).
15. Å fatta vedtak om mellombels dispensasjon frå utdanningskravet – pedagogisk bemanning, § 1 i forskrifta for inntil eitt år om gongen dersom særlege omsyn tilseier det og barnehageeigar søkjar om dispensasjon. (§17 a) 2ledd, jf. Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager, jf. § 2).
16. Å fatta vedtak om mellombels dispensasjon frå krav om norskferdigheiter - pedagogisk leiar, frå § 1 i forskrifta for inntil eitt år om gongen dersom særlege omsyn tilseier det og barnehageeigar søkjar om dispensasjon. (§ 17 a), 2 ledd, jf. Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager, jf. § 3, 2 ledd).
17. Gjera vedtak om dispensasjon frå utdanningskrav (§ 18-3).

9.3 Barnevernlova

Kommunestyret delegerer avgjerdsrett i einskildsaker etter lova til rådmannen. Etter avtale med Stord kommune om vertskommunesamarbeid skal rådmannen vidaredelegera fullmakta til rådmannen i Stord kommune (kommunelova § 28 1b tredje ledd).

9.4 Brann- og eksplosjonsvernlova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til:

1. Å forvalta kommunens mynde og ta alle avgjerder etter brann- og eksplosjonsvernlova.

Rådmannen har ansvar for at det er etablert turvande brannrutinar i kommunens verksemd.

9.5 Eigarseksjonslova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til:

1. Å handsama søknad om seksjonering, herunder å fatta vedtak om avvising, avslag og fatta vedtak om seksjonering (§ 12 1 og 2, § 13 1.)
2. Å handsama søknader om reseksjonering, herunder å fatta vedtak om deling og samanslåing av seksjonar (§ 20 1.), fatta vedtak om reseksjonering i andre tilfelle (§ 21 1. og 2.), og krevja reseksjonering (§ 22).

9.5 B Ekteskapsloven

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til:

1. Å erklæra brudefolk for ektefolk (§ 12 b).

9.6 Film- og videogramlova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til:

1. Å gjera vedtak om løyve for framsyning av film eller videogram i næring (§ 2).

9.7 Folkehelselova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til:

1. Å føra tilsyn med dei faktorar og tilhøve i miljøet som til ein kvar tid direkte eller indirekte kan ha innverknad på helsa (§ 9, jf. § 8).
2. Å godkjenne verksemder som kan ha innverknad på helsa, før eller ved iverksetjing (§ 10 fyrste ledd).
3. Å krevje verksemd stansa dersom godkjenning ikkje ligg føre (§ 10 tredje ledd).
4. Å gje pålegg til den som planlegg eller driv verksemd, eller den som er ansvarleg for forhold ved eigedom, for eigen rekning å utgreie mogelege helsemessige konsekvensar av tiltaket eller forholdet (§ 11 fyrste ledd).
5. Å gje pålegg til den som planlegg eller driv verksemd som kan ha innverknad på helsa til å gje kommunen dei opplysningane som er naudsynte for at den kan utføra sine gjeremål etter kap. 3. Når særlege grunnar tilseier det, kan kommunen krevje at opplysningane vert gjeve av ein kvar som utfører arbeid for den som har opplysningsplikt (§ 12 fyrste ledd).
6. Å gje pålegg til den ansvarlege for eigedom eller verksemd som nemnt i første ledd, plikt til å gje ålmenta, kundar eller andre opplysningar om forhold ved eigedomen eller verksemda som kan ha innverknad på helsa (§ 12 tredje ledd).
7. Å gjera vedtak om gransking av eigedom eller verksemd for å ivareta kommunen sine oppgåver etter kap. 3 (§ 13 fyrste ledd).
8. Å gjera vedtak om retting av forhold ved ein eigedom eller verksemd i kommunen dersom forholda direkte eller indirekte kan ha negativ innverknad på helsa eller er i strid med reglane i kap. 3 (§ 14 fyrste ledd).
9. Å gjera vedtak om tvangsmulkt (i form av eingongsmulkt eller løpande dagmulkt) ovanfor adressaten, ved oversitting av frist for å oppfylla pålegg om retting av forhold etter § 14. (§ 15 fyrste ledd).
10. Å gjera vedtak om stansing dersom det oppstår forhold ved ei verksemd eller eigedom som medfører ein overhengande fare for helseskade. Vedtaket kan gjelde stansing av heile eller deler av verksemda eller aktiviteten inntil forholda er retta eller faren er over (§ 16).

11. Å gjera vedtak om overtredingsgebyr ovanfor den som forsettleig eller uaktsamt overtrer reglane i §§10-14 og 16. Det same gled ved overtreding av forskrifter gjeve i medhald av §§ 8 og 10 når det er fastsett i forskrifta at overtreding kan medføre slik sanksjon. (§ 17 fyrste ledd).

Avgjerder etter punkt 9-11 kan ikkje vidaredelegerast.

9.8 Forpaktingslova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til å:

1. Forvalta kommunen sine oppgåver etter §§ 4, 7 og 11.

9.9 Forurensingslova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til:

1. Å forvalta kommune sitt mynde i samband med nedgravne oljetankar (forurensingsforskrifta kapittel 1 og lokal forskrift).
2. Å forvalte mynde etter forskrift om gjødselsvarer m.v. av organiske opphav av 04.07.03. nr. 951.
3. Å gje pålegg om tiltak for å hindra eller stansa verknader av forureining innanfor kommunen sitt mynde- og ansvarsområde (§ 7 fjerde ledd).
4. Å opptre som forurensingsmynde og føra tilsyn av utslepp under 50 PE (forurensingsforskrifta § 12-2, jf. Forurensingslova § 11).
5. Å gjera vedtak om søknader om separate utslepp inntil 50 PE (forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg for kommunane Stord og Fitjar, Hordaland, av 16.10.08, jf. § 12-6). Å fatte vedtak om å oppheve eller endre vilkår i tillating og om naudsynt kalle tillating tilbake. Kap 12 i forureiningslova.
6. Å opptre som forurensingsmynde og føra tilsyn av utslepp over 50 PE (forurensingsforskrifta § 13-2).
7. Å treffa vedtak i høve til søknader om utslepp over 50 PE. Å fatte vedtak om å oppheve eller endre vilkår i tillating og om naudsynt kalle tillating tilbake (forurensingsforskrifta § 13-5, § 13-17).
8. Å opptre som forurensingsmynde og føra tilsyn til utslepp av oljehaldig avlaupsvatn (forureiningsforskrifta § 15-2 jf. Lova § 18 og § 15A-4).
9. Å treffa vedtak i søknad om utslepp av oljehaldig avlaupsvatn (§ 15-5 jf. § 15-7) , oppheve eller endre vilkår i tillating og om naudsynt kalle tillating tilbake (§ 15-8).
10. Å setje krav til utføring av avløpsanlegg i einskildsaker (§ 22).
11. Å gje pålegg om å rydde opp i avfall o.l. eller betale for opprydding (§ 37).
12. Å utøve tilsyn med den allmenne ureiningssituasjonen (§ 48).
13. Å treffa vedtak om opplysningsplikt slik at forureiningsstyresmakta kan innhente opplysningar som er naudsynte i ei forureiningssak (§ 49).
14. Å foreta gransking (§ 50).
15. Å gje pålegg om undersøking (§ 51).
16. Å gjera vedtak om tvangsmulkt (§ 73).
17. Å setja i verk tiltak (§ 74).
18. Å be om offentleg påtale (§ 78 tredje ledd).
19. Å be om offentleg påtale (§ 79 tredje ledd).

Avgjerder etter punkt 16 og 18-19 kan ikkje vidaredelegerast.

9.10 Friluftsløva

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til:

1. Å forby ferdslø med ride- eller kløvhest, kjelke, tråsykkel eller liknande (§ 2 andre ledd).
2. Å gje forskrift om å forby ferdslø på veg eller sti i innmark (§ 3a).
3. Å krevje avgift for tilgjenge til friluftsområde (§ 14).
4. Å fastsetje reglar for åtferd (§ 15).

5. Å vedta heil eller delvis sperring av særleg utsett område (§ 16).
6. Å gje uttale (§ 20).
7. Å ta hand om ålmenta sin interesse (§ 22 tredje ledd).
8. Å setje i gang tiltak for å lette ferdsle i utmark (§ 35).
9. Å gjera vedtak om stans (§ 40 fyrste ledd).
10. Å gjera vedtak om fjerning av stengsle (§ 40 andre ledd).
11. Å gjera vedtak om tvangsmulkt (§ 40 tredje ledd).

Avgjerder etter punkt 11 kan ikkje vidaredelegerast.

9.11 Grannelova

Rådmannen forvaltar kommunen sine interesser som grunneigar etter lova.

9.12 Gravferdslova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til:

1. Å gjere vedtak om kven som skal sørge for gravferda og kven som skal vera ansvarleg for grava (§ 9).

9.13 Hamne- og farvasslova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til:

1. Å gjera vedtak i einskildsaker der lova kjem til bruk (til dømes §§ 6,9,17,18,19,27,30)

9.14 Helse- og omsorgstenestelova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til:

1. Å forvalta fastlegeordninga (§ 3-2 fyrste ledd nr. 4, jf. fastlegeordning § 30) og å inngå individuell avtale med alle leger som skal delta i fastlegeordninga.
2. Å tildele avtaleheimel for fysioterapeut med driftstilskot (§ 3-2, fyrste ledd nr. 4).
3. Å fatte vedtak om naudsynte helse- og omsorgstenester for pasientar og brukarar a) helsetenester i heimen, b) personleg assistanse, herunder bistand og opplæring og støttekontakt, c) plass i institusjon, herunder sjukeheim og d) avlastningsheim (§3-2, fyrste ledd, nr. 5, jf. Pasient og brukerrettighetsloven §2-1a)
4. Å fatte vedtak om å tilby naudsynt pårørandestøtte m.a. i form av; 1. opplæring og rettleiing, 2. avlastningstiltak og 3. omsorgsstønad (§3-6 jf. Pasient og brukerrettighetsloven §2-1 a))
5. Å medverke til å skaffe bustad til personar som ikkje sjølv kan ivareta sine interesser på bustadmarknaden, herunder bustader med særleg tilpassing og med hjelpe- og vernetiltak for dei som treng det på grunn av alder, funksjonshemming eller av andre årsaker (§3-7)
6. Å fatte vedtak om personleg assistanse, jf. §3-2, fyrste ledd nr. 6 b), som brukarstyrt assistanse (§3-8 jf. Pasient og brukerrettighetsloven § 2-1 a)).
7. Å fatte vedtak om individuell plan for pasientar og brukarar som har behov for langvarige og koordinerte tenester etter denne lova (§ 7-1, fyrste ledd jf. Pasient og brukerrettighetsloven § 2-1 a)).
8. Å fatte vedtak om tildeling av koordinator for pasientar og brukarar som har behov for langvarige koordinerte tenester etter denne lova (§ 7-2, fyrste ledd jf. Pasient og brukerrettighetsloven §2-1 a)).
9. Å gjera vedtak om tvangstiltak for rusmiddelavhengige (kapittel 10).
10. Å fatte vedtak om vederlag utanfor institusjon, å påleggje den som mottek tenester etter lova, å dekke kostnaden heilt eller delvis, jf. Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester av 16.12.11, nt. 1349, kap. 1 (§11-2 jf. Pasient og brukerrettighetsloven §2-1a)).
11. Å fatte vedtak om vederlag for opphald i institusjon, å pålegge den som mottek tenester etter lova, å dekke kostnaden heilt eller delvis, jf. Forskrift om egenandel for kommunale

helse- og omsorgstjenester av 16.12.11, nt. 1349, kap. 2 (§11-2 jf. Pasient og brukerrettighetsloven §2-1a)).

9.15 Introduksjonslova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til:

1. Å gjera vedtak om tildeling og stans av introduksjonsprogram (kapittel 2), gjera vedtak om tildeling, reduksjon, trekk og tilbakebetaling av introduksjonsstønad (kapittel 3).
2. Å fatte vedtak om individuell plan for den som skal delta i introduksjonsprogram (§6).
3. Å fatte vedtak om tildeling av introduksjonsstønad for person som deltar i introduksjonsprogram (§§8, jf. 4 og 3).
4. Å fatte vedtak om opplæring i norsk og samfunnskunnskap i høve til utlendingar med rett og plikt til opplæring (§18)
5. Å gjere vedtak om fritak frå opplæring i norsk og samfunnskunnskap (§ 20 a) og å krevje inn betaling for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for utlending med opphaldsløyve etter utlendingslova §§ 23 og 25 og deira familiemedlemmer med løyve etter utlendingslova kapittel 6 (§ 17 tredje ledd første punktum).

9.16 Jordlova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til:

1. Handsaming av landbrukssaker (§3)
2. Å ta avgjerd om fritak frå driveplikt (§ 8).
3. Å ta avgjerd om omdisponering og deling av enkelttomter (§§ 9 og 12).
4. Å ta avgjerd om omdisponering og deling av areal som grenser til og skal leggjast til tidlegare frådelt tomt med eller utan bygningar (§§ 9 og 12).
5. Å ta avgjerd om drift av jordbruksareal, nydyrking og driftsvegar (§ 11).
6. Å handsama og godkjenna tilskotsordningane etter jordbruksavtalen og føre tilsyn med dei same ordningane (§ 18)
7. Føre tilsyn (§19) med at §§8 og 12 vert halde

9.17 Konesjonslova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til:

1. Å ta avgjerd etter søknad om konsesjon (§§ 2, 9 og 11).

9.18 Lakse- og innlandsfisklova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til:

1. Å ta avgjerd i saker som det ligg til kommunen å avgjera.

9.19 Matrikkellova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til å føra matrikkelen, fatta enkeltvedtak og rettsbruk etter matrikellova. Dette gjeld m.a. følgjande forhold:

1. Å ta avgjerd etter søknad om utsett oppmålingsforretning (§ 6).
2. Å ta avgjerd om unntak frå hovudregelen i § 7.
3. Å krevja matrikulering på kommunens vegner (§ 9).
4. Å krevja klargjering av eksisterande grense på kommunens vegner (§ 17).
5. Å fatte vedtak om samanslåing av eksisterande matrikkeleiningar (§ 18.1).
6. Å fatte vedtak om føring av referansar til avtalar om eksisterande grense i matrikkelen (§ 19)
7. Å gjera vedtak om registrering av samla fast eigedom (§ 20).
8. Å gjera vedtak om fastsetjing av offisiell adresse (§ 21).
9. Å fatte vedtak om sletting av matrikkeleining frå matrikkelen (§ 26.2)
10. Å gje avslag på krav om retting av opplysning i matrikkelen (§ 26.3).

11. Å gje avslag på førespurnad om innsyn i matrikkelen (§ 29)
12. Å fatte vedtak om utlevering av opplysningar frå matrikkelen (§ 30).
13. Å fatte vedtak om fastsetjing av gebyr (§ 32).
14. Å gje avslag på rekvisisjon av oppmålingsforretning (35.2)
15. Vedtak om å påleggje tvangsmulkt for å få gjennomført vedtak gjeve i medhald av matrikkellova (§ 48).

Vedtak etter punkt 15 kan ikkje delegerast.

9.20 Motorferdsellova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til:

1. Å ta avgjerd i saker etter søknad om bruk av motorfartøy eller luftfartøy (§ 6).

9.21 Naturmangfaldlova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til å:

1. Å gje løyve til uttak av hjortevilt for å hindra skade (§ 18) Saksbehandle etter §41
2. Å foreta skjøtsel av verneområde etter § 47
3. Å gje dispensasjon frå vernevedtak etter § 48
4. Å ta avgjerd i saker som gjeld forvaltning av utvalde naturtypar i samsvar med §§ 53 - 55.
5. Å ta avgjerd i saker om tiltak (§§ 54 og 55).

9.22 Opplæringslova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til:

1. Å gjera vedtak om tidleg eller utsett skulestart (§ 2-1 tredje ledd).
2. Å avgjera korleis timar ut over minstetimetallet gitt i forskrifter etter § 2-2 skal brukast, jf. § 2-3.
3. Å gjera vedtak om kommunal forskrift om skule- og feriedagar i skuleåret til elevane (§ 2-2, 4.ledd).
4. Fatte vedtak om rett til grunnskuleopplæring for elevar som er over opplæringspliktig alder. (§4A-1, 1 ledd, 1pkt, jf. Forskrift av 23.06.06 nr. 724, § 6-13, 3 ledd, jf. § 4-33a)
5. Å gjera vedtak om at søkjaren har tilsvarende realkompetanse som fullført grunnskuleopplæring for vaksne etter opplæringslova § 4A-1 og forskrift til opplæringslova § 4-33. (§4A-1, 1 ledd, 1pkt, jf. Forskrift av 23.06.06 nr. 724, § 6-13, 3 ledd, jf. § 4-33a)
6. Å gjera vedtak om tildeling av spesialundervisning for vaksne, på grunnskulen sitt område (4a-2, 1.ledd).
7. Å gjere vedtak om tildeling av opplæring til vaksne som har særlege behov for opplæring for å kunne utvikle eller halde ved like grunnleggjande dugleik. (§4a-2, 2.ledd)
8. Å setja standpunktkarakterar, eksamenskarakterar, karakterar til fag-/sveineprøvar og kompetanseprøve og realkompetansevurdering innanfor vaksenopplæringa sitt område. Å gjera vedtak om ikkje å setja standpunktkarakter (§4a-4 fjerde ledd og forskrift til opplæringslova kapittel 3,4 og 5).
9. Å gjera vedtak om skuleskyss m.m. i høve til vaksenopplæringa (§4A-7).
10. Å gjera vedtak om bortvising (§ 4A-9).
11. Å gjera vedtak om spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp til barn i skulepliktig alder (§ 5-1).
12. Å gjera vedtak om teiknspråkopplæring (§ 2-6, 1.ledd).
13. Å gjera vedtak om skuleskyss grunna farleg skuleveg og skyss til barn under skulepliktig alder som har rett til spesialpedagogisk hjelp (§§ 7-1 og 7-6).
14. Å gjera vedtak om skulestad og å gjera vedtak om inntak av elev på annan skule enn den eleven soknar til (§ 8-1 første ledd 1.pkt og tredje ledd).
15. Å gjera vedtak om flytting av ein elev når omsynet til dei andre elevane tilseier det (§ 8-1 fjerde ledd).

16. Å gjera vedtak om å ikkje godta melding om fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa (§ 2-3 a) tredje ledd).
17. Å setje standpunktkarakterar og eksamenskarakterar, og å gjera vedtak om ikkje å setje standpunktkarakter (§ 2-3 og forskrift til opplæringslova kapittel 3).
18. Å gjera vedtak om særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar (§ 2-8).
19. Å gjera vedtak om tiltak ved brot på ordensreglementet (§ 2-9).
20. Å gjera vedtak om bortvising (§ 2-10).
21. Å gjera vedtak om permisjon frå den pliktige opplæringa inntil 2 veker (§ 2-11).
22. Å gjera vedtak om punktskriftsopplæring (§ 2-14).
23. Å gjera vedtak om ordinær skuleskyss og skyss for funksjonshemma og mellombels skada eller sjuke (§§ 7-1 og 7-3).
24. Å gjera vedtak om fysisk skulemiljø (§ 9a-2).
25. Å gjera vedtak angående det psykososiale skulemiljøet (9a-3).
26. Å gjera vedtak om opptak av barn i skulefritidsordning (§ 13-7).
27. Å gjera vedtak om fritak for opplæring i skriftleg sidemål (forskrift til opplæringslova § 1-11).
28. Å gjera vedtak om å ta eit eller fleire fag i vidaregåande opplæring (forskrift til opplæringslova 1-15).
29. Å gjera vedtak om fritak for prøvar, utvalsprøvar og andre undersøkingar (forskrift til opplæringslova § 2-4).
30. Å gjera vedtak om fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål (forskrift til opplæringslova § 3-22).
31. Å fatta vedtak om å frita ein elev frå å delta i nasjonale prøvar. (§2-3, 3.ledd, jf. Forskrift av 23.06.06 nr. 724, § 2-4, 2.ledd)
32. Å gjere vedtak om fritak frå eksamen. (§ 2-3, 3.ledd, jf. Forskrift av 23.06.06, nr. 724, §3-24)
33. Fatte vedtak om reisefølgje og tilsyn til elevar. (§7-4)
34. Å gjere vedtak om å frita ein elev frå opplæringsplikta (§2-1, 4.ledd)

9.25 Plan- og bygningslova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til:

Generelt: Å ta avgjerd i saker som er kurante og ikkje er av prinsipiell politisk art.

Herunder m.a.

1. Å ivareta innhaldet i lovas føremål, jf. § 1-1
2. Å utføre oppgåver etter denne lov, med tilhøyrande forskrifter, og sjå til at kommunen følgjer krava i plan- og bygningslovgjevinga, jf. § 1-4.
3. Å ivareta innhaldet i denne lov., jf. § 1-8
4. Å ivareta innhaldet i denne lov, jf. § 1-9.
5. Å sørge for at det ligg føre oppdatert offentleg kartgrunnlag for dei føremåla som er omhandla i lova, jf. § 2-1.
6. Å sørge for at kommunen har eit planregister som gjev opplysningar om gjeldande arealplanar og andre bestemmingar som fastlegg korleis areala skal utnyttast, jf. § 2-2.
7. Å legge til rette for kommunen sin utvikling og samordna oppgåveløysing gjennom forvaltning av areala og naturressursane i kommunen, jf. § 3-3.
Å sikre at kommunen har tilgang til naudsynt planfagleg kompetanse, jf. siste ledd.
8. Å sikre at det ligg føre planskildring og konsekvensutgreiing ved offentleg ettersyn i samsvar med lova, jf. § 4-2.
9. Å sikre at risiko og sårbarheitsanalyse i planområde vert gjennomført, jf. § 4-3.
10. Å sikre medverknad i alle planforslag, jf. § 5-1.
11. Å sikre at planforslag vert sendt til høyring og offentleg ettersyn, jf. § 5-2.
12. Å gje råd om korleis plan skal utarbeidast i forslag om oppstart, jf. § 12-8, 1. ledd.
13. Å vedta oppstart/førstegongshøyring av endringar etter forenkla prosess, jf. § 12-14.
14. Å vedta at søknad om byggeløyve kan behandlast felles med privat forslag om reguleringsplan, jf. § 12-15.

15. Å gje varig eller mellombels dispensasjon i saker som ikkje er av prinsipiell betyding eller av stor samfunnsmessig interesse, jf. § 19-2, 1. ledd. Der Fitjar kommune er tiltakshavar, saka er stor eller komplisert, saka vil innebere eit vesentleg avvik frå gjeldande regelverk eller rådmannen si tilråding er negativ, skal saka vidare til plan- og miljø.
16. Å gjere vedtak i saker som er kurante og ikkje er av prinsipiell politisk art, jf. § 21-4, jf. § 20-1.
17. Å gjere vedtak om mellombelse unntak frå krav i lova **for å avhjelpe konsekvensar av covid-19, jf. § 20-9.**
18. Å skrive ut ferdigattest og mellombels bruksløyve, jf. § 21-10. Krevje at det vert stilt sikkerheit for attståande arbeid. Å kunne gje pålegg om ferdigstilling, jf. kap. 32.
19. Fatte vedtak om å fråta ansvarsrett, jf. § 23-3, 3.-7.ledd. Sette ansvarsrett ut av kraft inntil saka er endeleg avgjort. Gje pålegg om retting eller utbetring innan 5 år etter at ferdigattest er skrive ut.
20. Å sikre at kvalitetssikring og kontroll med prosjektering og utføring av tiltak kan gjennomførast, jf. kap. 24.
21. Å sikre at det vert gjort tilsyn i byggesaker, jf. kap. 25.
22. Å gjere vedtak om oppretting av ny grunneigedom, ny anleggseigedom eller nytt jordsameige, eller oppretting av ny festegrunn for bortfeste som kan gjelde i meir enn 10 år, eller endring av eksisterande eigedomsgrenser, jf. § 26-1.
23. Å sikre at bygg ikkje vert ført opp eller vert teke i bruk utan at det ligg føre forsvarleg tilgang til drikkevatt, samt slokkevatt, jf. § 27-1.
24. Å sikre at bortleiing av avløpsvatt er sikra i samsvar med forureiningslova, jf. § 27-2. Å krevje i andre tilfelle enn nemnd i 2. ledd, at bygning skal vere knytt til offentleg avløpsleidning når særlege omsyn seier det, jf. 2.-4. ledd.
25. Å kunne gje løyve til tilknytning til private vatn- og avløpsanlegg, jf. § 27-3.
26. Å sikre at det ligg føre lovleg tilkomst til veg før oppretting eller endring av eigedom til utbygging, jf. § 27-4.
27. Å kunne setje krav til byggetomta og ubygd areal, jf. §§ 28-1 - 28-7.
28. Å setje krav til tiltaket, jf. kap. 29.
29. Å setje krav til særskilde tiltak, jf. §§ 30-2 – 30-5.
30. Å setje krav til eksisterande byggverk, jf. §§ 31-1, 31-2, 31-5, 31-6, 31-7 og 31-8.
31. Å gjere ulovleghetsoppfølging, jf. §§ 32-1 tom. 32-6.
32. Å gjere undersøking på fast eigedom, jf. § 33-2.

9.25 B Sameigeloven

Rådmannen forvaltar kommunen sine interesser som grunneigar etter lova.

9.26 Serveringslova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til:

1. Å ta avgjerd i alle saker etter lova, unnateke saker der politiet er negative til at søknaden blir stetta.

9.27 Skogbrukslova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til:

1. Gje pålegg om skogregistrering og skogbruksplan (§5)
2. Pålegg om fornying og stell av skog (§6)
3. Godkjenna plan for bygging av skogsveggar i einskildsaker (§ 7).
4. Pålegge tiltak i samband med hogst (§8)
5. Gje pålegg om førebyggjande tiltak (§9)
6. Gje pålegg om tiltak etter skade på skog §10
7. Gje pålegg om meldeplikt (§11)
8. Godkjenne bruk av skogfondet (§15)
9. Handsame søknad om tilskot (§19)

10. Føre tilsyn, kontrollere og rapportering (§20)

9.28 Smittevernlova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til:

1. Å utøva kommunestyrets myndigheit i hastesaker (§§ 4-1, 4-6 og 4-9), som omhandlar møteforbod, stenging av verksemd, avgrensing i kommunikasjon, isolering og smittesaning i samband med smitteverntiltak.
2. Å utøve dagleg forvaltningsmynde og treffe vedtak etter lova, når mynde ikkje er lagt til særlege fagorgan eller fagpersonar og lova elles ikkje er til hinder for det (§§ 7-1 og 7-2).

9.29 Sosialtenestelova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til:

1. Å krevje vederlag frå andre kommunar (§ 3 tredje ledd).
2. Å fatte vedtak om stønad om livsopphald (§ 18).
3. Å fatte vedtak om tildeling av stønad i særlege tilfelle (§ 19).
4. Å fatte vedtak om refusjon i underhaltsbidrag (§ 25).
5. Å fatte vedtak om refusjon i ytingar frå folketrygda m.m (§ 26).
6. Å fatte vedtak om tildeling av mellombels butilbod for den som ikkje klarer det sjølv (§ 27)
7. Å fatte vedtak om individuell plan (§ 28).
8. Å fatte vedtak om deltaking i kvalifiseringsprogrammet, for personar mellom 18 og 67 år (§ 29).
9. Å fatte vedtak om individuell plan for deltakarar i kvalifiseringsprogrammet (§ 33).
10. Å fatte vedtak om avbrot i og avslutning av kvalifiseringsprogrammet (§ 34).
11. Å fatte vedtak om tildeling av kvalifiseringsstønad (§ 35).
12. Å fatte vedtak om trekk i framtidige utbetalingar m.m. (§ 40).

9.30 Tobakksskadelova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til:

1. Å føre tilsyn med at registrerte salsstader for tobakkssvarer og tobakkssurrogat til forbrukar etterlev reglane i lov og forskrift (mellom anna §§ 4, 5, 9, 17 til 24, 30 til 33, 34 a, 34 d og 42 og forskrifter gjeve i medhald til desse reglane (§ 7), etter § 35 3. ledd og tobakkssalgforskriften § 25.
2. Å fatte vedtak om retting dersom ein salsstad har brote reglande i lov og forskrift, § 36 1. ledd.
3. Å fatte vedtak om tvangsmulkt dersom ein salsstad har overtredt reglane i lov og forskrift, § 36 4. Ledd.
4. Å fatte vedtak om forbod om sal av tobakkssvarer og tobakkssurrogat, dersom ein salsstad har brote reglane i §§ 4, 5, 17 til 24, 30 til 33, 34 a, 34 d og 42 eller reglane gjeve i medhald av desse er brote, § 36 b.

Avgjerder etter punkt 3 og 4 kan ikkje vidaredelegerast.

9.31 Lov om trdomssamfunn og ymist anna/lov om tilskott til livssynssamfunn

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til:

1. Å tildela midlar til registrerte trus- og livssynssamfunn.

9.31 B Vass- og avløpsanleggslova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til:

1. Ta avgjersler om kjøp og overdraging av eksisterande vass- og avløpsanlegg (§ 1).
2. Gje løyve til samanslåing eller vesentleg utviding av eksisterande privat vass- og avløpsanlegg eller etablering av nytt anlegg (og sette vilkår for løyve) (§ 2).

9.32 Veglova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til:

1. Å gjera vedtak om midtline (§ 29 2. ledd).
2. Å gjera vedtak om løyve til å plassera byggverk innafor byggegrenser (§ 30).
3. Å gjera vedtak om å krevje tre, buskar og annan plantevekst borttatt eller skorpe ned (§ 31).
4. Å gjera vedtak om løyve til tiltak (§ 32).
5. Å gjera vedtak om reklameskilt eller liknande innretning (§ 33 fyrste, andre og fjerde ledd).
6. Å gjera vedtak om løyve til endring av byggverk (§ 34).
7. Å krevje at avkøyrse skal byggjast etter plan (§ 40).
8. Å syta for at gjerde oppsett i strid med § 45 blir flytt, rive, endra eller sett i stand (§ 47).

9.33 Vegtrafikklova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til å:

1. Å avgjera saker om parkeringsløyve for rørslehemma (§ 8 og forskrift om parkering for rørslehemma).
2. Å forvalta skiltreglane (§ 5).
3. Å gjera midlertidig vedtak om forbod mot all trafikk eller anna regulering for kommunal veg (§ 7 andre ledd).

9.34 Viltlova

Rådmannen får delegert avgjerdsrett til:

1. Kommunen sine arbeidsoppgåver (§ 6)
2. Fellingsløyve på hjort og bever - minsteareal (§§ 16, 17 og 18)
3. Samanslåing til felles viltområde (§ 37)
4. Uttale om samanslåing av minsteareal for storviltjakt (§ 38)
5. Vedtak om størrelse på fellingsavgifter fastsettes av kommunen (§ 43)
6. Viltfondet og kommunens eigedomsrett (§ 48)
7. Fastsetting av skotpremie (§ 51)

10 Andre lover

For lover som ikkje blir regulert i dette reglementet, gjeld delegeringar som er gjort i einskildvedtak frå kommunestyret og hovudutvala.